

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 20/24

REGULERING AV FISKET ETTER MAKRELL

I det store og heile ønsker Pelagisk Forening at gjeldande regulering blir vidareført.

2023 var det første året etter Brexit at norske båtar har kunne fiska makrell i UK si sona. Pelagisk Forening konstaterer at fiske utover fartøykvotar i UK si sona førte til at fiskeriet blei stengt før bestemte fartøy hadde fiska sin delkvoteeining i UK si sona. Dette var svært uheldig for dei som blei råka.

Som kjent er det inngått ein treårig fiskeriavtale med UK, og Færøyane, for 2024 til 26. For å unngå liknande i 2024 blei delkvoteeiningane i UK underregulert.

I 2024 har det vore godt fiskeri i NØS, og mange båtar har fiska større delar av kvotane sine i NØS. Direktoratet har auka, eller oppheva, delkvoteeininga i UK for alle grupper. Så langt meiner Pelagisk Forening at direktoratet har handtert dette på ein god måte.

Pelagisk Forening meiner at delkvoteeiningane, i UK, bør underregulerast òg i 2025.

Pelagisk Forening meiner at direktoratet har lykkast med å balansera kryssande omsyn, og at det var viktig å ikkje auka delkvoteeiningane så tidleg at enkeltfiskarar risikerte å ikkje få fiska kvotane sine.

Per i dag blir salssummen av fiska kvantum ut over delkvoteeininga i UK kverrsett, men kvantumet blir ikkje trekt frå fartøyet sin kvote. Derimot blir kvantumet trekt frå gruppekvote neste år.

Pelagisk Forening meiner at dette bør endrast. Dette slik at fartøy som fiskar ut over eventuell delkvote i andre land sine farvatn får tilsvarende kvantum trekt frå fartøykvoten sin.

Pelagisk Forening er klar over at agnkvotar ikkje gjev soneadgang i UK. Det er likevel slik at agnkvotar kan fiskast, i UK, på fartøya sine egne kvotar. Pelagisk Forening meiner at det ikkje skal vera lov å fiska agnkvotar utanfor NØS. Dette fordi ei av grunngevingane for agnkvote er at det er ønskeleg med makrell med lite åte. Altså kystnær makrell fiska om som-maren.

Sidan 2020 har det vore ei prøveordning der fiske utover fartøykvote m. flex har blitt trekt på fartøynivå.

I 2023 var regelen slik «§ 24 Kvotebelastning som følge av fangst utover kvote Fartøy som i 2022 benytter sin adgang til å overfiske kvoten i henhold til §§ 8, 10 og 13, vil bli kvotebelastet i 2023 for fangst utover kvote i 2022 som er inndratt i medhold av havresursloven § 54.

Fartøy som i 2023 benytter sin adgang til å overfiske kvoten i henhold til §§ 8, 10 og 13 vil bli kvotebelastet i 2024 for fangst utover kvote i 2023 som er inndratt i medhold av havressursloven § 54.»

I år er regelen slik «Fartøy som i 2023 benyttet seg av kvotefleksibilitetsordningen i § 8, § 10 eller § 13, vil i 2024 bli kvotebelastet for det overfisket som kan inndras i medhold av havressursloven § 54.»

(Understrekingar her.)

Regelen er altså endra frå «er inndratt» til «kan inndras». Endringa blei ikkje drøfta, eller gjekk «under radaren», på reguleringsmøtet i 2023.

Pelagisk Forening støttar at fangst utover kvotefleks blir kverrsett og at kvantumet blir trekt frå fartøykvoten.

Nemnte endring fører til dårlegare rettssikkerheit. Det er alvorleg å få redusert kvoten før ei inndragingssak er endeleg avgjort. Pelagisk Forening meiner at endringa føra til vesentlege tap for fiskarar dersom det seinare viser seg at reduksjonen har skjedd på feil grunnlag.

Dette er prinsipielt viktig, og Pelagisk Forening ber om at spørsmålet blir vurdert grundig.

Som kjent har Havforskningsinstituttet nyss gjeve kvoteråd for 2025. Rådet er 22 % lågare enn for 2024. Lågare kvote talar for lågare overregulering, for gruppa under 15 meter. Pelagisk Forening ber om at storleiken på eventuell overregulering i gruppa under 15 meter blir vurdert nøye.

Eventuell overregulering òg må sjåast i samanheng med andre ordningar.

Pelagisk Forening ber om at Fiskeridirektoratet legg fram, i reguleringsdokumenta, ei oversikt som viser kystgruppa sitt fiske. Dette fordelt på fartøy over og under 15 meter, og frå 2021 til og med i år.

Bergen: 11.10.24.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar